



Fylkesmusikarane imponerte stort

Neste år har Kristian Bringedal utruleg nok halde det gåande med museumsdagar på Rød i 30 år og dagens arrangement tyder slett ikkje på at det nærmar seg slutten. Rundt rekna 50 møtte fram til 3 allsidige timar der ein framifrå konsert ved fylkesmusikarane Frank Rolland frå Utne og Einar Mjøsnes frå Voss var det klare høgdepunkt og ein lovande forsmak på Folkemusikkveka i haust. Konsert i røykstova er noko nytt, men duoen tykte det var kjekt å spela der.



Presten hadde Guds omsorg som tema

Det kan ikkje vera tvil om at dei to ligg i den nasjonale toppklassa og det gjorde ikkje minst inntrykk at dei hadde eit repertoar som spente over fleire århundrar. Til dømes var dei heilt attende på Ole Bulls tid i ein av slåttane. Men underteikna tykte muskarane nådde høgast med si tolking av ein huldreslått frå Voss - den var full av mystikk! Og ein polkamasurka frå Sørfjorden fekk det til å kribla hos fleire.

Kristian hadde som vanleg organistjobben sjølv og sokneprest Totland hadde Guds omsorg som preiketema denne dagen. Ein solid presentasjon av postkort med sammlaren Aud Karin Løvfall i hovudrolla var ein sentral post.

Ho har mykje interessant frå heimbygda men det er berre å innrømme at til dømes Mauranger har vore meir spennande for fotografane. Det ho har samla frå Sunndal og Fonno er det ikkje mange som har maken til.

Også Harald Sætre har teke til å supplera fotograferinga med å samla på postkort og Kristian presenterte ei spesiell samling som er sendt frå Noreg til Tyskland. Sætre er no spesielt interessert i fotografi av Stord i samband med 100-årsjubileet neste år.

Ein fast post er hesteskokasting som 25 var med i og denne gongen vann Odd Møgstad med 100 poeng foran Hallvard Rød med 90 og Egil Steinar Tofte med 70. Verktøysett og bøker av Sætre og Olaf Agnar Gausvik var premiane til dei 3.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Aud Karin Løvfall har ei imponerende postkortsamling